

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8249-2

Sognebussen

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Alle ruter med buss mellom Sogndal og Bergen vert gjort kommersielle frå 01.07.16.
- 2 Endringar i rutetilbod og takstar skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- 3 Sognebussen vert omfatta av ordninga med kostnadskompensasjon Sogn og Fjordane fylkeskommune har med alle dei kommersielle bussrutene i fylket.

Vedlegg: Søknaden frå Nettbuss Sør AS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Nettbuss Sør AS søker i brev av 06.05.2015 om å få køyre Sognebussen på strekninga Sogndal – Bergen kommersielt. Nettbuss Sør vil sikre eit godt tilbod til kundane med gjennomgåande bussar mellom Sogn og Bergen.

Andre opplysningar

I dag er nokre avgangar del av det fylkeskommunale kjøpet, ein avgang er delvis kommersiell medan ein avgang er rein kommersiell. I tillegg har vi Øst-Vest ekspressen mellom Lillehammer og Bergen som er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Oppland fylkeskommune. Øst-Vest ekspressen får tilskot frå oss på dei avgangane Nettbuss Sør køyrer, medan Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap AS får tilskot frå Oppland.

2. Søknaden – konsekvensar for rutetilbodet

Frå Sogndal har Sognebussen i dag følgjande avgangar:

- Kl. 05.50 dagleg utan om laurdag og søndag
- Kl. 07.55 dagleg
- Kl. 11.35 dagleg utan om laurdag og søndag
- Kl. 17.15 dagleg utan om laurdag
- Kl. 20.35 søndag til Voss

Frå Bergen har Sognebussen følgjande avgangar:

Kl. 06.35 dagleg utanom laurdag og søndag
 Kl. 11.15 dagleg utanom laurdag
 Kl. 13.50 dagleg utanom laurdag og søndag
 Kl. 15.30 dagleg
 Kl. 17.15 dagleg utanom laurdag og søndag
 Kl. 19.10 søndag frå Voss

Nettbuss køyrer også ein avgang frå Sogndal kl. 05.05 via Vadheim til Bergen. Denne er ein del av det fylkeskommunale kjøpet på strekninga Sogndal – Vadheim.

Søknaden til Nettbuss går i korte trekk ut på å vidareføre dagens rutetilbod mellom Sogndal og Bergen med unntak av første avgang frå både Sogndal og Bergen. Reisande mellom Sogndal og Bergen får dermed ein avgang mindre å velje mellom når dei skal ut og reise.

I samband med rutekjøpssaka til hovudutval for samferdsle i oktober vil administrasjonen komme med forslag til eventuell oppretting av lokalruter i Sogn dersom det er behov for det. Fram til oktobersaka vil det og bli drøftingar med Oppland fylkeskommune om rutetilbodet mellom Håbakken og Lillehammer.

3. Vurderingar og konsekvensar

Kommersialisering av fylkeskryssande ruter

Dei fylkeskryssande bussrutene er viktige for innbyggjarane i Sogn og Fjordane, og utgjer saman med skulerutene ein av hovudstrukturane i rutenettet. Rutene har mange passasjerar som reiser til og frå fylket. I tillegg har rutene viktige funksjonar i fylket, med mykje lokaltrafikk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er oppteken av gode kommunikasjonar i fylket og til og frå nabofylka. Lokaltrafikk i nabofylka er utanfor kjerneaktiviteten til vår fylkeskommune. Fylkeskryssande ruter inneber ein økonomisk risiko dersom inntektsgrunnlaget skulle svikte. Ein kommersiell aktør som har ynskje om å drive fylkeskryssande ruter vil på mange måtar kunne vere ein betre ruteeigar enn fylkeskommunen.

Ulempa med kommersielle aktørar er at dei har andre interesser enn fylkeskommunen. Det kan vere krevjande å få til eit heilskapleg rutenett, der lokalruter og langruter utfyller kvarandre. Felles rutekunngjeringar, korrespondansar, takst, billettsystem, rutetrasear, stoppmønster, plassgaranti m.m. er stikkord her. For å stimulere til eit heilskapleg rutesystem, brukar fylkeskommunen i dag 1 mill. kr årleg for å kompensere kommersielle fylkeskryssande ruter for tap knytt til det å tilpasse seg det fylkeskommunale systemet i Sogn og Fjordane. På denne måten har vi i dag eit einsarta og heilskapleg system i fylket. Rutene mellom Sogndal og Bergen er meint å vere ein del av denne kompensasjonsordninga.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I og med at desse rutene er ein del av ei større avtale, er det vanskelig å berekne netto økonomisk effekt. Den årlege innsparing for fylkeskommunen vert rekna til å vere om lag 1 mill. kr.

4. Andre opplysningar

Nettbuss Sør føreset at den framtidige Sognebussen blir ein del av avtalen dei har med fylkeskommunen om kostnadskompensasjon for ekspressruter der selskapa har visse plikter for fylkesinterne reiser. Desse er:

- Fylkeskommunale takstar, billettkodar, rabatt og kort
- Overgangsbillettering
- Plassgaranti innanfor fylkesgrensa
- Korrespondanse

- Stoppmønster
- Rutekunngjering

Nettbuss Sør legg også til grunn at avtalen dei har med Hordaland fylkeskommune om kompensasjon for at reisande i Hordaland får bruke «Hordalandskort» på Sognebussen, vert vidareført.

Sognebussen vil bli etablert innan Nettbuss Ekspress.

Høyringsuttale

Administrasjonen sende søknaden frå Nettbuss Sør på høyring til Hordaland fylkeskommune, Oppland fylkeskommune og JVB. Kun Oppland fylkeskommune har kome med tilbakemelding. Dei skriv at Oppland fylkeskommune er opptatt av at reisemoglegheitene mellom vest og aust vert tekne i vare på best mogeleg måte. Det kan mellom anna skje ved at

- *man tenker helhetlig rutetilbud også for forbindelsen mot Valdres og Mjøsregionen*
- *endringer i ruteopplegg planlegges sammen med fylkeskommunene og operatør på korresponderende rutestrekninger*
- *man legger opp Håbakken som et viktig knutepunkt med fire akser (Bergen, Oslo, Valdres og Sogndal/Førde) med korrespondanse/overgang*
- *gjennomgående billettering så lang det er praktisk mulig*

Yrkestransportlova

I forskrift til yrkestransportlova § 28 *Ruteplan* står det mellom anna at Ruteplan må vere godkjent av løyvemyndigheita. Forslag om endring av ruteplan skal sendast til løyvemyndigheita seinast 4 månader før endringa skal tre i kraft.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren ser positivt på framlegget til Nettbuss Sør om å drive fylkeskryssande bussruter mellom Sogndal og Bergen kommersielt.

Det vert lagt til grunn at rutene vert innlemma i den same avtala som andre kommersielle fylkeskryssande ruter, der rutene mot ein tapskompensasjon forpliktar seg til fylkeskommunale vilkår for lokaltrafikk i Sogn og Fjordane.

Ved å gjere avgangane til Sognebussen samt strekninga Håbakken – Bergen på Øst Vest ekspressen kommersielle, kan dette vere med å styrke det fylkeskryssande rutetilbodet mellom Sogndal og Bergen.